



Festidalen vert neste år i lyse, vakre sommarnetter.

Frå neste år er Festidalen flytta til siste helga i juni, og eg gler meg alt til storhendinga i sommarlyse kveldar. No er det også lurt å følgja med på Festidalen si facebook-side om ein ønskjer å sikra seg ekstra billige billetter til Festidalen 2018. I samband med flyttinga har styret for Festidalen sendt ut denne preesmeldinga:

Festidalen er eit eventyr som ikkje kan gjennomførast utan ein enorm innsats frå mange frivillige. Dei siste åra har det komme fleire innspel til styret om at ein ønskjer å gjennomføre Festidalen tidlegare på året. Det gjer me no alvor av, og neste års festival går av stabelen 28.-30. juni.

Me gler oss heilt enormt til å starte sommaren 2018 med Festidalen, og me ønskjer å dele det med DEG!

Tekst og foto: Festidalen
Nett: Thor Inge Døssland